

**Fræna kommune**  
**Sørviskontoret**

Finansdepartementet  
Postboks 8008 Dep  
0030 Oslo

04/2176-20

**Dykkar ref:**

**Vår ref**  
2008/1763-5

**Saksbehandlar**  
Tom Grøvdal Eriksen

**Dato**  
19.11.2008

**Høyring - Utskriving av eigedomsskatt i sjøområdet - Fræna kommune**

Vedlagt finn dykk:

Behandling og vedtak i Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune - 10.11.2008

Behandling og vedtak i Kommunestyret i Fræna - 17.11.2008

Med helsing

*Tom G. Eriksen*  
Tom Grøvdal Eriksen  
Politisk sekretær


---

**Postadresse**  
Fræna kommune, 6440 Elnesvågen  
**E-post:**  
postmottak@frana.kommune.no

**Besøksadresse**  
Kommunehuset  
  
[www.frana.kommune.no](http://www.frana.kommune.no)

**Telefon**  
  
**Telefaks**

**Bank**  
4100 07 20001  
**Org.nr**  
845 241 112



## Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune	142/2008	10.11.2008
Kommunestyret i Fræna	97/2008	17.11.2008

### Høyring - Utskriving av eigedomsskatt i sjøområdet

#### Vedlegg:

1. Brev frå Finansdepartementet av 20.10.2008
2. Utskrift av Ot.prp. nr 1 (2008-2009)
3. Sak i Plan- og økonomiutvalet, sak nr 58/08

#### Bakgrunn:

I samband med framlegg av Statsbudsjettet for 2009 blei spørsmålet om området for utskrivning av eigedomsskatt i sjø tatt opp. Det blei der signalisert at grensa for slik utskrivning skulle trekkast ved grunnlina. I brev av 20.10.2008 frå Finansdepartementet blir det sett frist til 2. desember 2008 for å komme med høyringsuttale om dette.

#### Utgreiing:

Saka har tidlegare vorte handsama av Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune og det vart her gjort slikt vedtak:

*"Fræna kommune meiner at det ikkje er grunn til å endre gjeldande regelverk kring utskrivning av eigedomsskatt i sjøområde."*

Då var hovudtemaet om det var muleg å skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk som var lokalisert i sjøområdet. I Ot.prp nr. 1 (2008-2009) blei det foreslått at det kan skrivast ut eigedomsskatt i sjøområdet og departementet foreslår ein avklaring for fiskeoppdrettsanlegg.

No er spørsmålet kor langt ut i sjøen kommunen sin rett til å skrive ut eigedomsskatt skal gå. Finansdepartementet foreslår at grensa skal trekkast ved grunnlina og under er det lagt inn kva dei skriv i proposisjonen som er utgangspunktet for høyringa.

#### 12.1.6 Høyring vedrørende forslag om grense for eiendomsskatt i sjøområdet

Departementet vil parallelt med fremleggelsen av forslaget om eiendomsskatt på oppdrettsanlegg, sende på høring et forslag om innføring av en grense for hvor langt ut i sjøområdet kommunene kan skrive ut eiendomsskatt. Det vil her bli foreslått at grensen fastsettes til grunnlinjene, og at endringen gis virkning fra og med skatteåret 2009. Grunnlinjene trekkes som en rett linje mellom de ytterste skjær ved lavvann, tvers over fjordmunninger. Grunnlinjene danner utgangspunkt for å fastslå territorialgrensen og norsk økonomisk sone.

I tidlegare Pløk-sak vart følgjande poengtert:

*Høgsterett sitt fleirtal har i RT 2002 s. 1411, Gulendommen, uttalt at eigedomsskatteloven sitt geografiske virkeområde i alle fall strekker seg ut til grunnlina. I dommen var det ikkje naudsynt å uttale seg om kommunen sin rett, til å skrive ut eigedomsskatt, rekk ut til territorialgrensa (12 nautiske mil). Etter høgsterett sin gjennomgangen av rettskjeldene, er det mykje som tyder på at kommunen sitt virkeområde for eigedomsskatt er heile kommunen sitt territorium.*

Finansdepartementet har ikkje komme med ei grunngeving på kvifor retten til å skrive ut eigedomsskatt skal settast ved grunnlina og ikkje være lik heile kommunen sitt territorialområde. Det er viktige problemstillingar kring bruken av kystområdet som må avklarast. Vi ser at maritime næringar kan etablerast utanfor grunnlina. Det fins konkrete planer for vindmølleparkar delvis lokalisert utanfor grunnlina. Dette er døme på verk og bruk, som ved ein slik endring ikkje blir eigedomsskattepliktige.

I dag er det praksis for å skrive ut eigedomsskatt i sjøområdet ut til territorialgrensa. Fræna kommune held fast ved tidlegare oppmoding om at Finansdepartementet skal halde fast ved etablert praksis med utskriving av eigedomsskatt i sjøområde.

### **Økonomiske og administrative konsekvensar:**

Fræna kommune skriv ut eigedomsskatt på gassrørleidningar innanfor grunnlina. Andre kommunar i Møre og Romsdal vil miste store inntekter dersom forslaget om grunnlina blir vedtatt. Det er prinsippet om kva rett kommunen har til å drive forvaltning innan eige territorium som er avgjerande.

### **Rådmannens tilråding:**

Fræna kommune held fast ved vedtak i Plan- og økonomiutvalet sak nr 58/08 om at det ikkje er grunn til å endre gjeldande regelverk kring utskriving av eigedomsskatt i sjøområdet.

### **Behandling i Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune - 10.11.2008**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Fræna kommune held fast ved vedtak i Plan- og økonomiutvalet sak nr 58/08 om at det ikkje er grunn til å endre gjeldande regelverk kring utskriving av eigedomsskatt i sjøområdet.

### **Behandling i Kommunestyret i Fræna - 17.11.2008**

Plan- og økonomiutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Fræna kommune held fast ved vedtak i Plan- og økonomiutvalet sak nr 58/08 om at det ikkje er grunn til å endre gjeldande regelverk kring utskriving av eigedomsskatt i sjøområdet.